



**Småfolk
barnehage
Grønstad
5590 ETNE**

Organisajonsnr: 989 800 574
Tlf: 53755110
E-post: anette@smaafolkbar
Internett: nehage.no
www.smaafolkbarnehage.no

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Merknader til høyringsnotatet angående § 14 likebehandling av kommunale og private barnehagar, og angående rammefinansiering av barnehagar.

Viss forslaget ifrå staten går igjennom, så vil dei private barnehagane rundt om i landet, gå ei svært usikker framtid i møte, ifrå 1.januar 2009.

Private barnehagar har kjempa i fleire år for å få støtte ifrå kommunen til å drive barnehage, og ifrå august 2005, kunne endeleg dei private barnehagane gjere krav på 85% av dei midlane kommunen gir til sine egne barnehagar. Men nå er det altså komen eit forslag på at dette skal bort. I tillegg til eit forslag på at det øyremerka statstilskotet, skal gå inn i ei rammefinansiering, der kommunane skal fordele pengane ut på sine egne barnehagar, og på dei private aktørane. Som privat barnehageeigar, så er dette nyhende som ikkje fell i god jord.

Småfolk barnehage starta opp i 2004, og dreiv eitt år utan kommunalt tilskot. Så når det endeleg kom på plass at private barnehagar hadde rett til 85% av det dei kommunale får, 1.august 2005, så begynte kvardagen og framtida bli meir føreseieleg, heilt fram til dette forslaget kom.

I Småfolk har barnetalet auka ifrå 18 barn i august 2004, til 49 barn i dag. Dette har ført til at me trenger bygg som eignar seg betre til barnehage. I dag leiger me ein nedlagt skule av kommunen.

Nå er gravearbeidet i gong, og i juli kan me ta eit heilt nytt bygg på 640 kvm i bruk. Det bygget rommar plass til 80 barn. Nesten ein dobling av det me har plass til i dag. Dette er eit prosjekt som er kostnadssett til ca 10 millionar kroner. Det er difor med redsel eg nå leser høyringsnotatet ifrå stortinget. Slik forslaget er sett fram, så har kommunen ingen problemer med å køyre meg konkurs. Eg må leggje all min lit til kommunen, at dei er med på å finansiere barnehagen min på ein slik måte, at det gir ein forsvarleg og god pedagogisk drift. Det er i grunnen skremmande, når kommunen i tillegg eig og driv konkurrerande bedrifter. Det er då "bukken på havresekken" får ei klår meining.

Korleis stortinget på denne måten skal sikre lovfesta barnehageplass til alle barn ifrå dei er ett år, og korleis staten skal sikre full barnehagedekning er ei stor gåte. Desse nye forslaga er svært motsigande til dei måla stortinget har sett tidlegare.

I høyringsnotatet står det og skrive om kor viktig rolle barnehagane spelar for opplæring og utvikling av barn under skulepliktig alder, då særleg for dei barna som er ei ein vanskeleg livssituasjon. For at barnehagane skal kunne gi desse barna, og alle andre barn eit godt pedagogisk tilbud, i eit kreativt og lærerikt miljø, så er barnehagane avhengig av ein økonomi som er føreseieleg. Det er dei ikkje med ei rammefinansiering, og at §14, likeverdige behandling av kommunale og private barnehagar, vert fjerna.

Så håpar at forslaga som er kome fram, kun blir med forslag, slik at me kan fortsetje med å ha fokus på at alle barn, uansett om dei går i private eller kommunale barnehagar, får eit godt pedagogisk tilbod, og at alle foreldre som har behov for det, får barnehageplass.

Med helsing

Anette Lauareid Hovda
Eigar og styrar, Småfolk barnehage

Kopi: Etne kommune, PBL